



Statens vegvesen

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
17/120738-2

Dykkar referanse:
17/1513 - 17/9662

Vår dato:
10.08.2017

Uttale – Dispensasjon frå plan – Fv. 565 – Bruksendring – Gnr. 74 bnr. 39 Olsvollstranda – Radøy kommune

Vi syner til brev mottatt 03.08.2017.

Kva saka gjeld:

Omsøkte eigedom er regulert gjennom *Olsvollstranda næringsområde* (2014). Det er søkt om mellombels dispensasjon i tre år frå arealføremål næring til arealføremål service / tenesteyting for del av eksisterande næringsbygg på gnr. 74 bnr. 39 i Radøy kommune.

Det er Radøy kommune som er planmynde og avgjer søknader om dispensasjon frå godkjent plan. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde. Vi har og klagerett i slike saker. Nedanfor følgjer ei uttale til saka:

Uttale:

Eigedomen er del av eit større industriområde. Reguleringsplan for område legg mellom anna til rette for at etablert kryss mellom kommunal veg og fv. 565 skal flyttast lenger sørover og utbetrast. Slik vi tolkar føresegnene til planen er omsøkte eigedom ikkje omfatta av rekkjefølgjekravet som skal realisere nytt kryss. Eigedomen har elles tilkomst frå kommunal veg.

Det er søkt om mindre endringar og justeringar for deler av eit eksisterande kurslokale. Lokalet skal nyttast som treningscenter for inntil 20 medlemmer. Løyvet er mellombels og skal gjelde for inntil tre år. Tiltakshavar vurderer at området ikkje vert belasta med meir trafikk enn det som tilfellet i dag.

Etter ei samla vurdering har ikkje Statens vegvesen ikkje vesentlege merknader til søknaden slik den ligg føre.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Vi ber om å få tilsendt kommunen sitt vedtak.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.